

# Årsmelding for Sveio Orienteringslag 2020



**Årsmøtet i 2020 blei halde i Førde Samfunnshus 18. februar:**

**Slik blei resultatet etter val på tillitsvalde:**

Hovudstyret:

Thomas Førde attval for 1 år. leiar

Kjetil Fiskå attval for 2 år nestleiar

Kristian S. Førde attval for 2 år

Karl Inge Instefjord ikkje på val

Astrid Førstund ikkje på val

Varamedlemmer til hovudstyret:

Geir Milford 1. varamedlem, attval for 1 år

Hjalmar Lokna 2. varamedlem, attval for 1 år

Alice Enerstvedt 3. Varamedlem, ny, for 1 år

Turorienteringsutvalet:

Thomas Førde attval for 1 år leiar

Astrid Førstund attval for 2 år

Karl Inge Instefjord attval for 2 år

Olaug Fagerland ikkje på val

Leif Grutle ikkje på val

Øystein Opedal attval for 1 år

Revisor: Jostein Ottesen attval for 1 år

Diverse: Utsendingar til Rogaland O-krets sitt ting:

Kjetil Fiskå og Thomas Førde

Utsendingar til årsmøte i Sveio Idrettsråd:

Astrid Førstund og Øystein Opedal

Utsendingar til årsmøte i Førde Samfunnshus:

Karl Inge Instefjord, vara Hjalmar Lokna. Astrid Førstund, vara Geir Milford

## **Styre/representasjon:**

Det blei gjennomført svært få representasjonsoppgåver i korona-året som ligg bak oss. Kjetil deltok i det årlege møtet for fastsetjing av terminliste for nærløp på Haugalandet.

# Medlemstal, register og innkrevjing av kontingent

93 medlemmer er registrert, mot 85 ved førre årsskifte. Men 8 av desse er ikkje registrert med innbetalt medlemskontingent for 2020. Laget er blitt tvinga av Norges Idrettsforbund til omlegging av innkrevjinga av medlemspengar. Frå og med 2020 måtte innkrevjinga skje digitalt. Det har vore ei krevjande omstilling, både for oss som lag og for medlemmane. Kristian, kasserar, har nytta mykje tid til å setja seg inn i og til å setja ut i livet det nye systemet. Mange av medlemmane har slite med å finna ut av det nye betalingssystemet. Det kan vera forklaringa på at fleire registrerte medlemmar framleis ikkje er registrert med innbetaling for 2020.

Men ei lita oppmuntring mot slutten av året var likevel at fleire nye medlemmar har meldt seg inn. Men omlegginga vil truleg bety at for nye og potensielle medlemmar vil det vera ein høgare terskel å melda seg inn. Innmelding skal fortrinnsvis skje ved at nye medlemmer registrerer seg sjølve på Idrettsforbundet sine sider. Her kan folk koma til å oppleve ei digital sperre og dermed i verste fall droppa innmelding.

Me kan i første omgang laga ei enkel oppskrift på innmelding til laget og leggja denne inn i tur- o- konvolutten. Same oppskrifta kan me repetera på Facebook-sida vår.

Endringa i administrasjonen av medlemsregisteret kan i tillegg gjera det nødvendig å endra på medlemskontingenten vår. Det ser nemleg ut til at det nye digitale systemet har vanskar med å takla familiekontingent. Ei eventuelle endring i kontingent må takast opp på årsmøtet i 2021.

## Kart-arbeid

Synfarar og kartteiknar Ørjan Ravndal kom i løpet av 2020 langt i arbeidet med å laga nytt o-kart etter NOF sin sprintkartnorm i Førde sentrum. Størstedelen av kartet er synfart og reinteikna og kan bli klart til bruk våren 2021. Det som ikkje vil klart til bruk i år er utmarka aust for bustadfeltet i Lauvneset og Solheimshaugen og delar av Tabor og Kråkeneset.

For kartdelar som kan bli ferdigstilte til våren, står det att ein del finjustering frå synfarar og kartteiknar si side. Dessutan ønskjer han at representantar frå oppdragsgivar kontrollerer synfaringsresultata.

## Konkurransorientering

### **Eigne arrangement:**

Første del av sesongen blei svært amputert over heile landet på grunn av covid-19. Me hadde planlagt å arrangera kretsløp 2. mai med bruk av Ryvarden-kartet. Men dette arrangementet måtte avlysast.



**Nær-o-løp** blei gjennomført på Tittelsnes, tirsdag 26. august i festningsområdet, i flott augustver med snautt 40 deltakarar frå Haugalandet og Sunnhordland. Einaste irritasjonsmomentet var ein usannsynleg tett myggsverm som jaga deltakarane heim straks etter målpassering. Elles blei det delt ut mykje ros frå deltakarane for løyper og terreng. Kjetil og Thomas hadde laga fem ulike løyper med lengder som høver for mellomdistanseorientering. Smittevernet blei ivaretatt etter NOF sine forskrifter. Dispenserar med handsprit var plasserte ut ved start og like før deltakarane kunne registrera seg i mål. Dessutan måtte alle deltakarane desinfisera tidtakarbricka si før start. Hovudet på dei dei digitale postbukkane blei desinfiserte då dei blei sette ut i skogen under løypelegginga.

#### **Deltaking i andre o-løp:**

Ettersom store delar av konkurransesesongen blei avlyst, blei det svært få startar på laget sine løparar. Jamvel det store ferie-o-løpet i Sverige, O-ringen, fem-dagars løpet blei avlyst i år. Kjetil har deltatt i nokre nær-o-løp, elles har det vore heller stille på tevlingsfronten i 2020.

## Tur-orientering

Sal av kart og materiell viste ein tydeleg auke i høve til året før. Korona-restriksjonar når det gjaldt arrangement, reising og aktivitetar førte til at mange fann turorientering som ein trygg og spennande friluftaktivitet.

## Nærtrim/Barnas Tur-o

Dette er ei enklare form for turorientering, som samtidig har passande utfordringar også for vaksne, som vil prøva tur-o med 20 ulike postar. Kvar post er markert med raude og kvite flagg og i tillegg står det på flagget skrive nummeret til posten og to bokstavar som registreringskode. Kvar post er også utstyrt med ei teikning som ein finn att på kontrollkortet i eiga rubrikk ved kvart postnummer.

Fire ulike kart og terreng blei nytta med fem postar i kvart område: 1) Sveio Vest kartet langs Paddevegen og ved Fjellstad. 2) Førde-kartet med terrenget mellom Banndalen og Joavatnet. 3) Auklandshamn/Slettene. 4) Tittelsnes ved festningsplassen.

## Foto-O

er eit tilleggstilbod i konvolutten som gjeld både i Sveio sentrum og i Førde. På kvart av dei to Foto-o-arka er ni detaljbilde, som er henta frå ulike mange stader på kartet. Deltakaren skal finna ut kva bilde som høyrer til kva ring som er teikna inn på kartet.

## Familie-tur-o

Årets seks kart og terreng-område inneheldt til saman 72 tur-o-postar.

I same pakka kunne me tilby 10 postar i Valestrandfjella og 10 tilleggspostar rundt Joavatnet mellom Førde og Lier. Desse postane kunne besøkjast som alternativ til dei andre 52 postane, eller i tillegg til desse. Merkekrava var dei same som før; 50 postregistreringar kvalifiserte til gullmerket.

**1. Valestrandfjella:** Dette var den mest krevjande turen i årets tilbod, den mest utfordrande og den som gav best utsyn. Turen førte deltakarane mellom anna forbi mange idylliske tjødnar og små vatn, opp til topps på Sildanipen og på Steinsfjellet lengst sør på kartet.

**2. Joavatnet rundt:** Ein lett tur som gjekk rundt det idylliske Joavatnet, over bekken/elva som renn ut i Liervatn og forbi Mørkatjødno under Børshovda. Størstedelen av turen gjekk langs sti eller veg.

**3. Auklandshamn:** Her laga me ein tur mellom bedehuset og kapellet. Store delar av turen gjekk langs tydleg sti. Der stien var litt utydeleg blei det hengt opp merke.

**4. Framnes/Liervatn:** Ein god traktorveg fører heilt fram til Liervatn. Langs denne ruta er fleire spennande avstikkarar med traktorvegar og stiar i fleire retningar og terrengtypar. Her finst og spennande små vatn og bekker som kan bli til elvar og småkupert og detaljrikt skogsterreng. Vårens kaffipost blei lagt der skogsvegen møter Liervatn.

**5. Ryvarden-marka:** Turen gjekk i år frå Lyngholm. Mange postar låg langs turstien sørover i retning Ryvarden. Ei sløyfe med postar kunne besøkjast i nærleiken av stien som går nordaustover frå Lyngholm. Nærare Ryvarden, låg ei klynge med postar mellom mange små pyttar og små vatn. Her gjaldt det for kartlesaren å halda tunga rett i munnen.

**6. Fjellstad/Kattabergfjell:** Frå Fjellstad og sørover frå Paddevegen er tilrettelagde turstiar som var ei rettesnor for starten og slutten av denne rundturen. Men der rundløypa stikk av frå stien, er det ikkje så mange turfolk som brukar å gå. Me fann likevel fram til ein spennande rundtur rundt Kattabergfjellet og heilt ned mot Furevatnet. Dei som ønskte å få ekstra godt utsyn, kunne leggja inn ein avstikkar til toppen av fjellet.

## Kaffipost

Vårens kaffipost blei lagt til ei strand ved Liervatn, der skogsvegen frå Framnes møter vatnet. Men på grunn av korona-restriksjonar laut me halda kaffiposten ubetjent og utan servering. Berre postflagget med kodar hang oppe denne søndagen 7. juni.

## Vinter-t-our 2020

For første gong arrangerte me denne vinteren (2020/2021) vinter-tour-orientering. Oppslutnaden var rimeleg bra. Me la ut totalt 30 postar, 15 rundt Storavatnet mellom Eikeland og Slettene i Auklandshamn og 15 postar frå Flatbruvatnet/Joavatnet ved Førde, langs Liervatnet fram til Røykeneselva.

Tilbodet blei marknadsført gjennom Vestavind og på vår eiga sida på internett og på Facebook-sida vår.

31 deltakarar registrerte seg på kvar av dei to turane. Kart blei selde og kunne lastast ned via internett på [www.turorientering.no](http://www.turorientering.no). Eit interessant forsøk som viser god oppslutnad utan sal av papirkart over disk.

## Tur-o på internett og papirkort

For kvar sesong har talet auka på tur-o-deltakarar som registrer seg på internett. ([www.turorientering.no](http://www.turorientering.no)). I 2020-sesongen hadde me 120 deltakarar mot 80 året før. Registrerte postbesøk steig frå godt over 4000 i 2019 til meir 6000 i 2020. I tillegg leverte om lag 25 deltakarar inn sine registreringar på papirkort. Dermed passerte nok talet på postbesøk godt over 7000 i løpet av sesongen. Slik respons og slike besøkstal er det all grunn til å gle seg over og vera stolte av! Under Finn Fram-dagen blei dei åtte aktivitetspostane i rundløypa registrerte som eigen tur på [www.turorientering.no](http://www.turorientering.no). Dermed kunne deltakarane sikra seg åtte ekstrapoeng denne dagen. Dei som besøkte alle postane i SOL sitt turopplegg i 2020 kunne samla maksimalt 118 poeng. Fem deltakarar klarte det.

Sesong	Konvolutter solgt	Ekstra klippekort solgt	Turpakker solgt	Turer solgt	Omsetning på nett	Total omsetning	Avgift (15%)
2020	188	3	12	7	kr 2 145,00	kr 34 235,00	5135,25
2019	149	1	0	0	kr -	kr 25 430,00	3814,50
2018	142	7	0	0	kr -	kr 24 410,00	3661,50
2017	156	2	0	4	kr 150,00	kr 26 510,00	3976,50
2016	155	5	3	0	kr 400,00	kr 26 550,00	3982,50
2015	142	6	0	6	kr -	kr 23 940,00	3591,00
2014	149	5	2	0	kr 400,00	kr 25 550,00	3832,50
2013	187	15	0	0	kr -	kr 32 050,00	4807,50

Tabellen viser samla sal av begge konvoluttane, Familie og Nærtrim/Barnas Tur-o. Salet av Nærtrim-pakkar var på vel 50. Elles gledeleg vekst i salstala, ikkje minst på internett.

## Finn Fram dagen



Eit av dei få større friluftsansettiment som vart arrangert i bygda denne sesongen fekk me gjennomført søndag 30. august. Smittevern blei grundig teke omsyn til på alle aktivitetspostar og registreringspunkt. Me kunne tilby handsprit på alle postar. Men to faste aktivitetar under tidlegare Finn Fram dagar laut me kutta ut denne gongen. Det gjaldt speed-orientering og skyting med luftgevær. I staden arrangerte me tevling i pilkast. Kiosk-salet blei gjennomført under strenge smittevernregalar.

Denne oppsummeringa la me ut på nettsida vår like etter arrangementet:

«Ein fantastisk arena, flott ver og mange blide folk, som tydeleg likte å møtast til ymse aktivitetar i friluft. Dette er resepten på ein vellukka Finn Fram dag; og det blei det på Strando/Prestabryggjo og i Rex Garden i Førde søndag. Sveio O-lag hadde laga ei rundløype langs gangveggar og stiar i parken. Løypa hadde åtte postar med ymse o-tekniske oppgåver. På fleire av postane var det dessutan aktivitetar som pilkast-tevling, kviss, kanopadling m.m. Alle som gjennomførte rundløya, og det blei 150 til saman, fekk premie. I tillegg blei det premiering i pilkast-tevlinga. Midt i løypa var det lagt inn ein matstasjon, kiosk, kor det var høve til å kjøpa pølser i brød, kanelbollar, saft og kaffi. Alt blei utselt. Bua-speidarane og Førde-speidarane var medarrangørar medan Sveio O-lag hadde regien og hovudansvaret».





# Årsfest/merkeutdeling

Den tradisjonsrike festen ved sesongslutt laut i år avlyst på grunn av smittevernsyn. I staden blei alle merke, plakettar og premiar delte ut til dei velfortente vinnarane, enten direkte i postkassa eller via postsending. Me håpar på ei gildare og meir samla merke-utdeling ved slutten av 2021-sesongen.

Den store oppslutnaden om tur-o-tilbodet i 2020-sesongen viste godt igjen på lista over plakett- og merkevinnarar.

**Fire veteranar vann plakett for 25 år som gullmerkevinnarar:** Kristine Enerstvedt, Sigmund Enerstvedt, Bjarne Hetlesæter og Kjell Egil Knutsen.

**Gullplakett etter 15 år med oppnådd gullmerke:** Oddvar Svendsbø

**Sølvplakett etter 10 år med oppnådd gullmerke:** Kathy King Johannessen, Ingvard Nymark og Tor Eriksen

**Bronseplakett etter 5 år med gullmerke:** Per G. Kristiansen, Astrid Sandvik og Kristine Storli

**I tillegg oppnådde 71 deltakarar gullmerke i 2020-sesongen, 3 fekk sølv og 14 bronse.**

**Nærtrim/Barnas turo:** Her delte me ut følgjande antal merke:

30 gull, 6 sølv og 5 bronse

## Utstyr

**Løpsdrakter** blei produserte av Trimtex i 2010 etter vårt design og blei selt til medlemmane for kr. 300 (for vaksne) og kr. 200 for medlemmer under 17 år. Me har framleis nokre svært få løpsdrakter på lager. Overtrekksdressar: Det ligg nokre få overtrekksdressar på lager etter fornyinga i 2009.

**T-skjorter:** I samband med at SOL arrangerte DM Vest i 2014 og at me tok i bruk nytt kart, markerte me desse storhendingane gjennom å spandera på oss nye T-skjorter med påtrykt klubblogo. T-skjortene blei tatt i bruk til alle funksjonærane under DM-Vest. Me har framleis nokre av desse T-skjortene igjen på lager.

**Telt:** Det første tunnel-teltet blei kjøpt inn i Sverige i 2005. Røyntslene med denne typen telt er gode. Me har difor kjøpt inn eit liknande telt, i gult med påtrykt klubbnamnet vårt. Dette innkjøpet er i første rekke gjort med tanke på gjennomføringa av eigne arrangement. Klubbafana: For første gong skaffa klubben seg lagsfane eller klubbflagg i 2010. Dette flaget i grønt med Sveio O-lags logo på pluss klubbnamn og teksten: "Me gjere det i skogen", blei produsert hos eit svensk firma. Flaget er blitt nytta under eigne arrangement og når løparar frå klubben deltar i o-løp i inn- eller utland.

**Premie-/gavekrus med klubblogo og namn:** I 2010 blei det laga eit nytt krus med påtrykt klubblogo, klubben sitt namn og teksten: "Me gjere det i skogen". Me investerte i eit rikeleg lager av slike som me i fleire år har nytta som premiar ved DM/KM og kretsløp. Nokre få er att på lager.

**Skulebrikker:** Til elektronisk tidtaking i enkle stemne utan bruk av PC har SOL nå eitt klassesett med ekt-brikker. Desse blei kjøpt inn nye i 2016 til erstatning for dei gamle skulebrikkene som diverre hadde mista energien og blitt inaktive og dermed ikkje kunne brukast meir.

**Konkurranserbrikker:** SOL disponerer ca. 30 EKT-brikker.

**Fingerkompass:** Klassesett med enkle fingerkompass fekk me frå Gilde-fondet.

**Vanlege kompass:** Eit klassesett

**Luftgevær:** 2 stk. blei innkjøpt i 2016 til bruk under Finn Fram dagen.

**Framvisar** (projector) blei innkjøpt hausten 2015 for at me lettvent skal kunne halda presentasjonar under egne arrangement.

**Sveio O-lag på nettet** [www.sveiool.org](http://www.sveiool.org) [www.facebook.com/sveiool](https://www.facebook.com/sveiool)

Kristian S. Førde har utvikla og gjer vedlikehald av laget sine nettsider. Her prøver me å leggja ut aktuell informasjon rundt ulike arrangement og hendingar. Me har sikra oss server-plass, som opnar moglegheiter for frodig bruk av bilde og for resultatlistar frå egne arrangement og frå andre arrangement som me har deltakarar i. Nettansvarleg Kristian er og IKT-ansvarleg under laget sine arrangement

## Kart:

Ryvarden-marka 1: 10 000 5 m ekv. Ferdig 2013

Tittelsnes Festningen 1: 10000 Årstal ferdig 2009/10

Valestrand skule 1: 2000, 2009/10

Einstadbøvoll 1: 10 000, 2009/10

Einstadbøvoll 2 1: 5000, 2009/10

Auklandshamn 1:10 000, 2004

Auklandshamn skule 1: 5000, 2004

Slettene 1: 5000, 2004

Førde 1:10 000, 1998

Førde nærkart 1: 10 000, 2003

Førde nærkart 1: 5 000, 2003

Førde Prestabryggjo 1: 5000, 2006

Lier 1: 10 000, 2006

Førde skulekart 1: 2000, 2006

Auklandshamn skulekart 1: 2000, 2006

Valestrand 1: 15 000 1973

**Kart/løypeteikningsprogrammet:** OCAD Orienteering Edition

**Følgjande postutstyr er på lager i klubben si eiga:** ( Laget gjorde monaleg omfattande investeringar i postutstyr til DM Vest) Ca 100 postskjermer i bra stand. Dertil hadde laget ved årsskiftet EKT postutstyr til alle postar med kodenr. frå og med 100 til og med 176. I tillegg har me åtte startpostar (Null-postar) og dobbelt sett av postane 100, 110, 120 og 130, pluss post nr. 97.

**Tidtakarutstyr:** MTR2 med printer og pc-kabel, MTR3 med EPR-3(printer) og pc-kabel 2x MTR4 med 1 EPR-3(printer) og pc-kabel(USB) 250-avlesar og USB-avlesar. Lisens til tidtakarprogrammet E-timing